

Referat frå møte i Arbeidsutvalet for foreldre ved Hafslo barne- og ungdomsskule 02.06.15

Til stades:

Wenche Sollid, leiar (6B)
Elin Hilleren (1.-klasse)
Sigfrid Ahlin Søvde (3.-klasse)
Nina Cirotzki (4B)
Jan Ølnes (6A)
Lisbeth Skjerven (7.-klasse)
Ruth Karin Kvam (8.-klasse)
Eva Vibeke Tangen (10.-klasse)
Lise Vik-Haugen, sekretær (9.-klasse)
Rektor Kjell Ertesvåg

Sakliste:

33/14-15: Kommentar / oppfølging frå sist møte / referat

Ingen kommentarar til referatet.

Leiar nemnde dei sakene som treng vidare arbeid:

- 30/14-15: *Evaluering av FAU; struktur, handboka, oppstartsmøte i august for foreldrerepresentantane , har klassekontaktane og FAU rep sine oppgåver/arbeid endra seg:*

Det er framleis utfordringar med å få alle til å følgje handboka. Me held fram med den praksisen at alle representantar vert kalla inn til alle møte i FaU, og at vi ikkje opererer med vararepresentantar.

Viktig å halde på intensjonen om tettare samarbeid m ellom klassekontaktar og kontaktlærar i samband med foreldremøta. Oppstartsmøte for administrasjon, klassekontaktar og FaU-representantar vert **torsdag 20. august**.

34/14-15: Skulebygg / uteområde / klatrepark

Status v/rektor:

Det skjer no full ombygging der biblioteket var. Skulekjøken og nokre andre rom i samfunnsbygget skal vere klare til hausten. Heile bygget der mellomtrinnet og ungdomsskulen no held til, vert stengt neste skuleår. 1.-3.-klasse får rom i gamlebygget, 5.-7. i mellombygget , 4.-klasse i naturfagrommet.

NB! Det kom innspel om at det må sjekkast om det er tilrådeleg å vere fast på naturfagrommet ift kjemikaliar osv. Rektor lova at dette skal bli ivaretake.

Bygget skal vere klart neste haust. Riving av gamlebygget skjer etter skulestart 2016.

Skulekjøkkenet kjem etter ombygginga til å bli heilt stengt for uteie. Det vil bli nye møterom tilgjengelege i samfunnsbygget.

Klatrepark: Samarbeid med bygdelaget. Arbeid vil skje frå hausten. Tidlegast ferdig neste vår.

35/14-15: Leksehjelp hausten 2015

Rektor: 1.-4. har hatt dette tilbodet fram til no. Ein ser imidlertid no at dei minste ikkje har det største behovet. Kommunen har bestemt at 5.-7.-klasse SKAL ha tilbod om leksehjelp, men med opning for lokale variantar. På Hafslo vert det no pedagogstyrt leksehjelp for 4.-7. –klasse.

Leksehjelpa vert 1 time 2 dagar i veka. Det er ikkje bestemt kva dagar det vil bli leksehjelp. Truleg vil skuledagen halde på til kl. 14.25 fredagar. Det vil bli skuleskyss etter leksehjelpa.

«Kva med lekser ved Hafslo barne- og ungdomsskule?»

Rektor har laga eit skriv der han ber foreldre reflektere rundt korleis ordninga med lekser fungerer på Hafslo barne- og ungdomsskule i dag. Mange klassar hadde dette oppe på foreldremøtet den 19. mai, og har sendt inn referat frå diskusjonen til rektor. Dei fleste innspela hara vore positive, det kan sjå ut som fleirtalet ønskjer lekser.

Innspel frå debatt i FaU:

- Ja til vekelekse, slik lærer borna seg struktur og å ta ansvar for eiga læring
- Ønskjer meir samkjørt informasjon (at t.d. ikkje 4B får vite noko som 4A ikkje får vite....)
- Viktig at elevane opplever at leksene vert følgjt opp, at det vert gjeve tilbakemelding
- Progresjon mellom dei ulike trinna
- Skal alle elevane ha like mykje lekser? Kva med individuell tilpassing?
- Samarbeid mellom dei ulike lærarane på teama, også ift at ikkje det vert for mange prøver same veka

Personalet på skulen vil diskutere denne saka etter at referata er komne frå dei ulike klassane.

Referata frå klassane vert lagt ut på heimesida.

36/14-15: Ny SFO – plan og vedtekter – sjå vedlegg

Høyringsuttale frå Samarbeidsutvalet er no sendt. Vert lagt ut på heimesida.

Det er kome spørsmål om lekser i SFO. Svaret er at ein kanskje kan få dette til som ein aktivitet som ungane kan velje.

37/14-15: Ordensreglement – Konsekvensar v/regelbrot på skulen – sjå vedlegg / planutkast

(Rektor var ikkje til stades under handsaming av denne saka).

Leiar introduserte saka. Skulen ynskjer å samarbeide med foreldra om dette dokumentet. Planlagt at det skal ut på heimesida.

Det var ulike synspunkt på dokumentet og korleis det skal brukast. Leiar tek saka vidare med rektor.

38/14-15: Skulefrukt – sjå vedlegg

Det er kome framlegg frå foreldre om å innføre ei frivillig skulefruktordning der all bestilling og betaling skjer direkte mellom foreldre og skolefrukt.no. Skulen må imidlertid ta ansvaret for å organisere ordninga og oppbevare frukta. Hovudutfordringa kan bli mykje svinn og at foreldre betalar for frukt som borna kanskje ikkje likar. Har skulen tid og ressursar til å administrere skulefrukta på ein hygienisk og skikkeleg måte? Rektor tek dette spørsmålet med seg tilbake til personalet. Dersom skulen meiner ja, så går me inn på ordninga.

39/14-15: Deltaking på FuG – foreldrekonferanse 24.-25. oktober? Sjå fug.no

Saka takast opp igjen til hausten.

40/14-15: Ymse**Juletrefest:**

Organiseringa ava denne har vore diskutert og gjort om på mange gonger.

Synspunkt i debatten:

- Festen er fin, viktig å behalde forestillinga som ungane har
- Behalde økta med kaffe og kaker etterpå, men treng ikkje dele inn klassevis, men ha færre 'stasjonar' – så unngår ein at familiar med ungar i fleire klassar må velje, og ein unngår at det vert veldig få til stades på nokre stasjonar.
- Semje om å fjerne regelen om at det ikkje er lov å ha med seg eldre søsken. Kan ein setje eit tak på kor mange kvar og ein får ta med seg? Evt. ha påmelding? (NB! ! Kantina vert ikkje tilgjengeleg for denne jula, me må finne andre løysingar).
- Betaling: 50,- pr. foreldre : OK. Dekkjer brus og godteri.
- Viktig å halde på heimebakst, og at alle tar med kaffe.

Me tek saka opp igjen til hausten og set ned ei gruppe tidleg.

Retningslinjer for smittevern:

Ungar skal vere heime 48 timer etter siste oppkast eller andre symptom. Oppmoding om at skulen blir flinkare til å evt. sende ungane heim igjen og på å stadig minne om handhygiene.

Miljøet rundt kunstgrasbana / Hafslo barnehage:

Det har skjedd at større ungar nyttar leikeapparat i barnehagen som ikkje er dimensjonert for tyngre ungar. Det har også vore forsøpling i barnehagen, m.a. har ein funne nøtter. Dette bør ikkje skje.

Det vart også referert til ulike episodar som kan tyde på at dette området står i fare for å utvikle seg til ein samlingsplass med litt uheldig oppførsel. Dette skjer oftast på fritida. Kva kan me gjere? Dei ulike aktørane må samarbeide. Skulen og idrettslaget har vorte einige om fleire bosbøtter. Viktig at foreldre snakkar om dette med ungane og seg imellom.

Fordeling av dugnadsaktivitetar på dei ulike trinna:

Fiskefestivalen:

Bør denne leggjast til 9.-klasse istadenfor til 10.-klasse? Slik vil klassen eit år før Polenturen som vert arrangert på hausten i 10.-klasse, vite kva beløp dei har å rekne med. Semje om at dette ville vere ei god løysing, men 1 kull må då stå over inntekta frå fiskefestivalen. Nina vil høre med Jan Erik Røneid om korleis stoda for årets 9.-klasse er – kan hende dette kullet kan stå over? Ruth Karin tek saka opp med årets 8.-klasse på foreldremøte no i juni. Eit alternativ kan også vere at kull 2000 og 2001 deler på fiskefestivalen i år, og at den blir lagt til 9.-klasse fom. hausten 2016.

NB, viktig at alle involverte foreldre og elevar får høve til å uttale seg om dette – ein må ikkje risikere t.d. at kull 2000 går glipp av ein tur eller eit anna sosialt arrangement fordi ein seier nei til fiskefestivalen.

17. mai:

Kunne ein med fordel leggje heile dette arrangementet til 1 klasse, t.d. 8.-klasse, som då ville ha ansvaret både for kafé og arrangementet elles? Kan hende 8.-klasse har større motivasjon for å prøve å tene pengar på arrangementet, samtidig som det vert mindre arbeid totalt sett for foreldra/klassane når dei er involvert berre på eitt årssteg.

Fleire representantar huska at dette vart debattert også for få år sidan; ein konkluderte då med at ein ønskjer den ordninga ein har i dag med delt ansvar mellom 8.- og 10.-klasse, men med hovudansvaret lagt til 10.-klasse. Hovudargumenta var at det fungerer best når det er dei største elevane som har arrangementet, då dei kan ta ein del ansvar sjølve. Vidare at 17. mai bør vere ein bygdedugnad der ein ikkje har som hovudmål å tene pengar. Evt. overskot skal gå til bygda, ikkje til klassen.

02.06.15

Lise Vik-Haugen